



Stamina Helse  
Hafstadvegen 36  
Pb 540  
6803 FØRDE  
57 82 90 70  
[www.Staminagroup.no](http://www.Staminagroup.no)

Sogn og Fjordane Fylkeskommune  
v/ Arvid Stenehjøm

## Oppsummering av årsrapportar frå LAMU til HSU

Rapporten er unnateke offentlegheita.

Sendast med dette  
04.05.16

Med vennlig helsing

A handwritten signature in blue ink, reading 'Solrunn F. Senneset'. The script is fluid and cursive, with the first name 'Solrunn' being more prominent.

---

Solrunn F. Senneset  
HMS-rådgjevar/ergoterapeut/ernæringsfysiolog

## Oppsummering av årsrapportar frå LAMU for 2016

Det er mottatt 16 årsrapportar. Snittet for tal på møte i LAMU er på 4, og det varierar mellom 0 møte til 8 møte i året. 15 einingar har hatt bistand frå Stamina Helse, 13 frå Frm-personal/HMT.

I 4 einingar er det rapportert om tilfelle av utilbørleg oppførsel/trakassering/diskriminering. 5 einingar har utfordringar relatert til det psykososiale arbeidsmiljøet, og 5 einingar har konflikter som uroar i arbeidsmiljøet. 11 einingar har utfordringar relatert til det fysiske arbeidsmiljøet. 11 av einingane har rapportert om feil/manglar som ein ikkje kan ordne sjølv

Sjukefråværet er varierende der nokre einingar skil seg ut. 8 einingar har sjukefråvær på 5 % og oppover, og 4 einingar har over 6 %. Alle følgjer opp sjukefråvær, og i dei sakene det har vore arbeidsrelatert sjukefråvær (5 einingar), har dette vore fylgt opp.

16 einingar rapporterer at internkontrollsystemet er tilfredstillande. 12 einingar reviderer internkontrollhandboka. 15 einingar har gjennomført kartlegging/vernerunde, og 11 av desse har fylgt opp med handlingsplan i etterkant.

Under kjem ei oppsummering av rapportane frå dei ulike lokale arbeidsmiljøutvala.

### Hafstad Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** 4 møter og laga møteplan 2016

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ingen byggesaker, elles er det rapportert ja ved alle punkta.

**HMT-opplæring:** 1 person treng 40 timars kurset og 2 stk. ynskjer dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Det er gjeve varsel frå tilsette om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering på arbeidsplassen. Denne saka er per i dag avslutta.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Rapportert ja ved alle punkt med unntak av lage handlingsplan og følgje opp tiltaka. Merknad frå Stamina Helse: Eininga har arbeidd mykje med det systematiske med HMT-arbeidet sidan dei hadde eit prøvetilsyn frå Arbeidstilsynet

**Utviklingssamtalar:** Grunna administrative utfordringar har det ikkje vore gjennomført meir enn 5 utviklingssamtale i 2015. Det er rapportert ynskje om bistand ved opplæring i høve utviklingssamtale.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapportert om truande åtfærd i eininga, og arbeidsmiljøkonflikt som har skapt uro i eininga.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** 1 person med arbeidsrelatert sjukdom/skade som er fylgt opp. Sjukefråvær gjennomsnittleg 4,6 %.

### Ytre Kultursektor

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** 4 møte og laga møteplan 2016

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Ingen byggesaker. Rapportert ja på dei andre punkta.

**HMT-opplæring:** Ein person i LAMU treng opplæring (pågår), og 3 stk ynskjer dagskurs

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Rapportert at medverknadsplikt er tilfredsstillande oppfylt.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er rapportert at internkontrollsystemet er tilfredsstillande.

**Utviklingssamtalar:** Gjennomført for alle på fylkesbiblioteket, ingen på fylkesarkivet.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapportert om truande åtfærd, trakassering/vold og det har vore arbeidsmiljøkonflikt som har skapt uro i eininga. Det er rapportert om utfordringar når det gjeld samhandling og sosialt miljø ved fylkesbiblioteket, og utfordring ved inneklima på innvendige kontor/møterom.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Ingen arbeidsrelaterte sjukdomar/skadar. Sjukefråværet er på 5,7 %.

## Tannhelse

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** 4 møter og laga møteplan 2016

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Rapportert ja på handsaming/drøfting av alle punkt.

**HMT-opplæring:** I løpet av 2016 har alle gjennomført nødvendig opplæring, men rapporterer om ynskt oppfrisking i emnet.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Rapportert at medverknadsplikt er tilfredsstillende oppfylt.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er gjennomført kartlegging/vernerunde, men ikkje laga handlingsplan. HMT-systemet er ikkje revidert.

**Utviklingssamtalar:** Rapportert at det er usikkert kor mange som har fått tilbod om utviklingssamtaler og kor mange som er gjennomført.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapportert at det ikkje er utfordringar med verken fysiske faktorar eller psykososiale områder i eininga.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Ingen arbeidsrelaterte sjukdommar/skadar. Dei har eit sjukefråvær som er på 5 %, der 4 % er legemeldt.

## Sogndal Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** 4 møter og laga møteplan 2016

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Rapportert ja på handsaming/drøfting av alle punkt.

**HMT-opplæring:** 1-2 av medlemmane frå LAMU treng 40 timars kurset. Ein leiar treng opplæring. Behov for dagskurs er avhengig av kva innhaldet er.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Rapportert om utilbørleg oppførsel, trakassering, diskriminering, og dette er arbeidd systematisk med i etterkant i 2015.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er rapport at internkontrollsystemet er tilfredsstillende.

**Utviklingssamtalar:** Utviklingssamtalar er tilbode og gjennomført for 127 personar.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapportert at det er fysiske utfordringar med gymnasbygget, og om at det har vore konflikt som har påverka arbeidsmiljøet.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Ingen arbeidsrelaterte sjukdommar/skadar. Har sjukefråvær på 5,1 %, der 4,6 % er legemeldt.

## Sogn Jord- og hagebruksskule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** Det har vore gjennomført 1 møte i LAMU i 2015, og møteplan er ikkje laga før årsrapporten er sendt.

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det vore drøfta byggesak, handlingsplan for betring av arbeidsmiljø og tilrettelegging av tilsette med redusert arbeidsevne.

**HMT-opplæring:** Dei er 2 personar i LAMU som treng opplæring, og 3 personar som ynskjer dagskurs.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Rapportert at medverknadsplikt er tilfredsstillende oppfylt.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er ikkje gjennomført kartlegging/vernerunde.

**Utviklingssamtalar:** Rapportert at ca 20 stk som har fått tilbod og gjennomført utviklingssamtale.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er ikkje rapportert at det er utfordringar med verken fysiske faktorar eller psykososiale områder i eininga.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Ingen arbeidsrelaterte sjukdommar/skadar. Det er sjukefråvær på 2 %.

## Måløy Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** Gjennomført 8 LAMU-møte i 2015 og plan for 2016 er laga  
**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Nei. Merknad frå Stamina: Det er rapportert om at dei ikkje har vore i kontakt med, eller fått bistand frå Stamina Helse, noko som ikkje er korrekt. Det var vert gjennomført arbeidsplassvurderingar ved eininga.

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Rapportert ja på handsaming/drøfting av alle punkt.

**HMT-opplæring:** Dei rapporterer at 2 elevar treng opplæring. Medlemmane av LAMU ynskjer dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Det er rapport arbeidsrelatert sjukdom for ein person på ein dag.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er rapport at internkontrollsystemet er tilfredstillande.

**Utviklingssamtalar:** Det er gjeve tilbod til 50 % av dei tilsette om utviklingssamtale, og det er gjennomført på 20 %.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapport om både fysiske og psykososiale utfordringar ved eininga.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Ingen arbeidsrelaterte sjukdommar/skadar. Det er sjukefråvær på 6,5 %, der 92,76 % av det er legemeldt sjukefråvær.

## Mo og Øyrane Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** Det har vore gjennomført 4 LAMU-møte i 2015 og plan for 2016 er laga

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Rapportert ja på handsaming/drøfting av alle punkt.

**HMT-opplæring:** LAMU ynskjer dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Ja ved alle punkt.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** I 2015/2016 er det arbeidd dei med å få i stand eit elektronisk internkontrollsystem. Dette skal tre i kraft 01.08.16.

**Utviklingssamtalar:** 90 tilsette har gjennomført utviklingssamtale, alle skal ha fått tilbod.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er ikkje rapport om fysiske eller psykososiale utfordringar ved eininga.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Ingen arbeidsrelaterte sjukdommar/skadar. Sjukefråværet er 3,3 %, der 2,94 % er legemeldt

## Firda Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** Gjennomført 5 LAMU-møte i 2015 og plan for 2016 er laga.

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Bruk av BHT, men ikkje av Frm-personalet

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Byggesaker, sjukefråvær, tilrettelegging av tilsette med redusert arbeidsevne og internkontroll.

**HMT-opplæring:** Det er ein person som treng 40-timarskurs og LAMU ynskjer dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Det er gjeve varsel om avvik om feil og manglar som han/ho ikkje sjølv kan rette opp. Dette gjeld luftkvalitet adm.avd. IKS trivselshagen.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Vernerunde/kartlegging gjennomført, men det er rapportert at det ikkje er laga handlingsplan. Det er ikkje utført årleg revisjon av interkontrollsystem.

**Utviklingssamtalar:** 62 tilsette har fått tilbod og gjennomført utviklingssamtale.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapportert om både fysiske og psykososiale utfordringar. Det er rapportert om at det har vore konflikt som har påverka arbeidsmiljøet. Dette er under oppfølging.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Ingen arbeidsrelaterte sjukdommar/skadar. Sjukefråvær på 3,5 %

## Fagskulen avd. Førde

---

**LAMU-møter 2015, møteplan 2016:** Ikkje gjennomført LAMU-møte i 2015, laga møteplan for 2016.

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Nei, har ikkje hatt LAMU-møte.

**HMT-opplæring:** Det er to personar som treng 40-timarskurs og 4 personar som ynskjer dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Det er rapportert om varsel frå tilsette om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering på arbeidsplassen.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Rapportert at internkontrollsystemet må reviderast i 2016. Det er ikkje gjennomført vernerunde/kartlegging i eininga.

**Utviklingssamtalar:** 15 tilsette har fått tilbod om utviklingssamtale og 8 tilsette har gjennomført.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapportert om både fysiske og psykososiale utfordringar. Det er rapportert om at det har vore konflikt som har påverka arbeidsmiljøet. Styret, bht og frm-personal er involvert.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Ingen arbeidsrelaterte sjukdommar/skadar. Sjukefråvær på 2,3 %.

## Eid Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** Det var 3 møte i LAMU i 2015, det er satt opp møteplan for 2016.

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det er ikkje handsama/drøfta om saker tilrettelegging for tilsette med redusert arbeidsevne, men kryssa for at dei andre punkta er drøfta/handsama.

**HMT-opplæring:** 2 stk har behov for 40-timars kurs og 2 stk. ynskjer dagskurs.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Det er rapportert om munnleg varsel frå tilsette om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering på arbeidsplassen. Det er rapport inn feil og manglar som ein ikkje sjølv kan rette opp. Det er rapport inn om sjukdom som den tilsette meiner er har samanheng med arbeidet.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er rapportert om eit tilfredstillande internkontrollsystem. Vernerunde/kartlegging er utført, med det er ikkje fylgt opp med handlingsplan.

**Utviklingssamtalar:** Utviklingssamtalar er gjennomført på ca. 65 stk.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Rapportert om utfordringar med det fysiske arbeidsmiljøet.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Det er meldt om 4 arbeidsrelaterte sjukdommar/skadar som har ført til sjukefråvær, desse er følgt opp. Dei har sjukefråvær 7,4 %.

## Dale Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** Gjennomført 4 LAMU-møte i 2015 og plan for 2016 er laga.

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Kryssa ja ved alle punkt med unntak av spørsmål om opplæring av leiar og VO.

**HMT-opplæring:** Rapportert at LAMU-medlem har den opplæringa dei treng.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Det er rapport inn feil og manglar som ein ikkje sjølv kan rette opp.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er rapportert at internkontrollsystemet er tilfredstillande.

**Utviklingssamtalar:** Alle tilsette har gjennomført utviklingssamtale.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapportert om både fysiske og psykososiale utfordringar.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Det har vore eitt tilfelle med arbeidsrelatert sjukefråvær, dette har blitt fylgt opp. Sjukefråværet er på 6,5 %,

## Stryn Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** Det har vore 4 møte i LAMU. Møteplan for 2016 er lagt.

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Rapportert ja på handsaming/drøfting av alle punkt.

**HMT-opplæring:** Alle i LAMU har behov for opplæring, og samtlege ynskjer også dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Det er rapportert inn feil og manglar som ein ikkje sjølv kan rette opp. Det er rapportert om varsel frå tilsette om utilbørleg oppførsel, trakassering eller diskriminering på arbeidsplassen.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er rapportert at internkontrollsystemet er tilfredstillande.

**Utviklingssamtalar:** Utviklingssamtalar er gjennomført for alle tilsette.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapportert om fysiske utfordringar i arbeidsmiljøet.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Det er 2 personar med arbeidsrelatert sjukefråvær, desse er fylgt opp. Sjukefråværet er på 3,8 %.

## Sentraladministrasjonen

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** Her har vore 4 LAMU-møte, og møteplan for 2016 er lagt

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det er ikkje handsama/drøfta oppdatering/internrevisjon av internkontrollen.

**HMT-opplæring:** Det er seks personar som manglar 40-timars kurs. I tillegg er det ynskje om dagskurs i arbeidsmiljøkunnskap og leiaropplæring i arbeidsmiljøkunnskap.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Det er rapportert om feil/manglar som ein ikkje kan gjere noko med sjølv. Det er rapportert inn om sjukdom som den tilsette meiner er har samanheng med arbeidet.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er rapportert om tilfredstillande internkontrollsystem, men det er kommentert at LAMU bør få på plass ei nyare internkontrollhandbok for sentraladministrasjonen.

**Utviklingssamtalar:** Utviklingssamtalar er tilbydd og gjennomført på dei fleste, men tal er ikkje oppgitt. Det er ynskje om opplæring til utføring av samtalanane.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapportert om at det har vore utfordringar i det fysiske arbeidsmiljøet.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Det har ikkje vore meldt om arbeidsrelatert sjukefråvær, og det er eit sjukefråvær på 4,4 %.

## Høyanger Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** Det har vore 5 møte i LAMU, og møteplan for 2016 er lagt.

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Bruk av BHT, men ikkje Frm-personal.

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det er rapportert at alle punkt er handsama og drøfta.

**HMT-opplæring:** Det er rapportert at alle i LAMU har nødvendig opplæring.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Det er meldt om feil/manglar som ein ikkje kan gjere noko med sjølv. Det er rapportert inn om sjukdom som den tilsette meiner er har samanheng med arbeidet.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er rapportert at internkontrollsystemet er tilfredstillande.

**Utviklingssamtalar:** 39 tilsett har fått tilbod, og 26 er gjennomført.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapportert om fysiske utfordringar ved arbeidsmiljøet.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Det er rapportert om to saker med arbeidsrelatert sjukefråvær, og desse har vore fulgt opp. Gjennomsnittleg sjukefråvær på 7,7 %.



## Flora Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** LAMU har hatt 4 møte, og plan for 2016 er laga.

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det er rapportert om at alle punkt er handsama og drøfta.

**HMT-opplæring:** Alle medlemmane i LAMU har opplæring.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Det er rapportert om feil/manglar som ein ikkje kan gjere noko med sjølv.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er rapportert at internkontrollsystem er tilfredstillande.

**Utviklingssamtalar:** 90 tilsette har fått tilbod, og gjennomført 85 samtalar.

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er rapport om fysiske utfordringar ved arbeidsmiljøet.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Her er ikkje meldt om arbeidsrelatert sjukefråvær. Sjukefråvær på 5,7 %.

## Årdal Vidaregåande Skule

---

**LAMU-møte 2015, møteplan 2016:** LAMU har hatt 4 møte, og plan for 2016 er laga.

**Bruk av BHT og Frm-personalet:** Ja

**Hovudpunkta i LAMU sitt arbeid:** Det er ikkje handsama og drøfta byggesaker, tilrettelegging for tilsette med redusert arbeidsevne og spørsmål om opplæring av leiar og VO.

**HMT-opplæring:** Alle medlemmane i LAMU har nødvendig opplæring.

**Arbeidstakar si medverknadsplikt:** Rapportert at medv.plikta er tilfredsstillande oppfylt.

**Systematisk helse- miljø og tryggleiksarbeid:** Det er rapportert at internkontrollsystem er tilfredstillande.

**Utviklingssamtalar:** Rapporter at utviklingssamtalar er gjennomført på nesten alle tilsette

**Andre arbeidsmiljøutfordringar:** Det er ikkje rapportert om verken fysiske og psykososiale utfordringar på arbeidsplassen.

**Arbeidsrelaterte sjukdom/skadar og samla sjukefråvær:** Her er ikkje meldt om arbeidsrelatert sjukefråvær. Sjukefråvær på 2,3 %.